Nytt saksframlegg til handarbeidslaget

Samarbeid med Leikanger Ungdomslag, inkludert frivillig dobbelt medlemskap

Innleiing

Handarbeidslaget vurderer tettare samarbeid med Leikanger Ungdomslag, som er tilknytt Noregs ungdomslag. Eit sentralt mål er å styrkje aktivitet, rekruttering og fellesskap, samstundes som handarbeidslaget bevarer eigen identitet, historie og organisering. Styret rår til at Handarbeidslaget Sans og Samling vert tilknytt ungdomslaget gjennom ei samarbeidsavtale og jobbar fram til neste årsmøte med å sjå på om Handarbeidslaget skal slå seg saman med Leikanger Ungdomslag og fungere som ei gruppe under denne paraplyen.

Bakgrunn

Handarbeidslaget Sans og Samling og Leikanger Ungdomslag er to organisasjonar som begge har som formål å skape meir aktivitet og fleire møteplassar i Leikanger. Det er også to organisasjonar som dekker kulturlivet på litt ulike måtar. Styret i Handarbeidslaget Sans og Samling meiner at det kan vere fornuftig å samarbeide tettare og på den måten styrke kvarande, heller enn å utkonkurrere kvarande.

Leikanger Ungdomslag har mykje aktivitet for born og ungdom gjennom samarbeidet med Dans Uten Grenser (DUG). Ut over dette vert det gjennomført ein del dugnadaktiviteter og utleigeverksemd for å få inn midlar til å dekke driftskostander til Ungdomshuset.

Handarbeidslaget Sans og Samling har fleire faste aktivitetar som i hovudsak er retta mot vaksne, og har dei siste åra gjennomført mange kurs og aktivitetar for både born og vaksne. Fleire av desse aktivitetane har vorte gjennomført på Ungdomshuset.

Ved å samarbeide tettare vil ein forhåpentlegvis på sikt kunne nå enno fleire sambygdingar med sosiale, kreative og kulturelle aktivitetar, skape meir liv og aktivitet i det hundre år gamle ungdomshuset vårt, og stå sterkare og meir samla som representant for kulturlivet i møtet med kommunen og andre aktørar i bygda.

Samarbeid om aktivitet

Partane ønskjer å samarbeide om:

- felles arrangement og prosjekt
- gjensidig profilering
- bruk av lokale og utstyr etter nærare avtale
- dialog og koordinering av aktivitetar

Samarbeid om medlemskap
Det vert foreslått å leggje til rette for **frivillig dobbelt medlemskap**, der:

- medlemmar aktivt kan velje å vere medlem i begge laga
- ingen automatisk vert medlem i det andre laget utan samtykke

- ordninga kan kombinerast med samordna innmelding og/eller kontingent, etter nærare avtale

Denne løysinga gjer det enkelt for medlemmar å engasjere seg breitt, samstundes som laget følgjer gjeldande vedtekter.

Forslag til vedtak:

1. Handarbeidslaget går vidare med samarbeidsmodellen
2. Styret får fullmakt til å ferdigstille og signere samarbeidsavtale
3. Styret jobbar vidare med å sjå på ei eventuell samaslutning og legg fram dette på årsmøtet neste år.